



Arkivnr: 2014/598-2
Saksbehandlar: Bjarte Molvik

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		27.03.2014

Rehabilitering -ombygging - mindre tilbygg i skulesektoren - budsjettendring nr. 2 - 2014

Samandrag

I budsjettet for 2014 er det løyvd 120 million kroner til rehabilitering/ombygging/mindre tilbygg i skulesektoren. Det er tidlegare i år fordelt 22 million kroner frå budsjettposten.

I denne saka rår ein til at det vert løyvd totalt 39,25 million kroner, der 25 million kroner er knytt til tiltak for universell utforming. Vidare rår ein til at det vert løyvd midlar til prosjekter ved Os vgs., Os Gymnas, Fyllingsdalen vgs., Osterøy vgs. og Slåtthaug vgs.

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet godkjenner fordeling av midlar til rehabilitering / ombygging / mindre tilbygg i skulesektoren i 2014 som skissert i saksutgreiinga, og at det vert gjort følgjande budsjettendringar.

Stad	Art	Prosjekt	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.	
10	777.025.00	02320	00208	Universell utforming	25 000 000,-	
10	646.020.00	02320	02132	Os vgs. - Ny stålhall	3 600 000,-	
10	646.020.00	02320	03236	Os vgs. - Utbedring ventilasjon II	5 000 000,-	
10	647.020.00	02320	03237	Fyllingsdalen vgs. - Utbedring ventilasjon	4 000 000,-	
10	625.020.00	02320	02133	Osterøy vgs. – Ombygging	300 000,-	
10	611.020.00	02320	04101	Os Gymnas – Etterisolering	1 000 000,-	
10	633.020.00	02320	03224	Slåtthaug vgs. - Internkontroll elektro	350 000,-	
10	777.021.00	02320	03000	Rehab. / omb. / tilbygg		39 250 000,-
					39 250 000,-	39 250 000,-

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Johnny Stiansen
fylkesdirektør økonomi

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 12.03.2014

Innleiing

I budsjettet for 2014 er det løyvd 120 million kroner til rehabilitering/ombygging/mindre tilbygg i skulesektoren. Det er så langt i år fordelt 22 million kroner frå denne budsjettposten. I denne saka rår ein til at det vert løyvd midlar til følgjande prosjekt:

Universell utforming

Fylkestinget vedtok i møte 08.09.2009 i sak 84/09 handlingsplan for universell utforming, ein plan som viste ca. 3000 tiltak som måtte utbetras og som har vore førande for fylkeskommunen si satsing innanfor området. I 2013 vart det nytta om lag 25 million kroner til utbetring innanfor området, og i denne omgang rår ein til at det vert løyvd eit tilsvarande beløp for 2014.

Midla for 2014 er planlagt nytta mellom anna til tiltak på Bergen Handelsgymnas med etablering av heis, omlegging av inngang, utbetring av kantine og kommunikasjonsveggar. Det er og planlagt investeringar på Slåtthaug vgs., Stend vgs. og Langhaugen vgs. med mellom anna fokus på heis/adkomst. Nokre av tiltaka er planlagt fullført/vidareført i 2015. Som ein del av løyvinga vil ein og vidareføre / slutføre tiltak starta opp i 2013, og gjennomføre mange mindre prosjekt på ulike skular i fylket.

Os vgs. – Ny stålhall

I Fu-sak 254/12 vart det løyvd 5,9 million kroner til mellombels undervisningsrom ved Os vgs., eit prosjekt som vart sett i samanheng med utarbeiding av masterplan for skulen og behovet for flytte0 biltrafikk / tungtransport på skulen bort frå hovudinngangen på skulen. Som ein del av dette prosjektet var det og planlagt å flytte rubbhall som kom i konflikt med ny veg.

I ettertid har det synt seg at rubbhallen var av ein slik kvalitet at den burde rivast heller enn å flyttast til ein ny plass på skulen. Riving av den gamle hallen er gjennomført som ein del av det vedteke prosjektet. Skulen har likevel eit akutt behov for ny hall, og ein rår at det vert løyvd midlar til prosjekt og det vert gjennomført som eige prosjekt. Basert på ei samla vurdering rår ein vidare til at det nye bygget vert ført opp i stål. Samla kalkyle for prosjektet er 3,6 million kroner.

Os vgs. – Utbetring av ventilasjon A-bygget

Ventilasjonsanlegget i a-bygget ved skulen stettar ikkje dagens krav til luftmengde med meir. I Fu-sak 160/20013 vart det løyvd 2 million kroner til utskifting av ventilasjonsaggregatet på taket. For å få anlegget i samsvar med dagens krav er det og naudsynt å bytte ut kanalnettet i bygget. Når ein går i gang med dette er det naturleg at ein og gjennomfører andre bygningsmessige tiltak knytt til himling, inkludert lys (elektro) med meir.

Samla kostnad for prosjektet er ikkje klar, men ein rår til at det no vert løyvd 5 million kroner til prosjektet.

Fyllingsdalen vgs. - Utbetring av ventilasjon

Ventilasjonsanlegget ved skulen stettar ikkje dagens krav til luftmengde med meir. For å få utbeta manglane ved anlegget er det naudsynt å bytte ut kanalnettet i bygget. Når ein går i gang med dette er det naturleg at ein og gjennomfører andre bygningsmessige tiltak knytt til himling, inkludert lys (elektro) med meir.

Samla kostnad for prosjektet er ikkje klar, men ein rår til at det no vert løyvd 4 million kroner til prosjektet.

Osterøy vgs. – Ombygging

Dagens løysing er ikkje optimal i forhold til undervisninga, skulen manglar teorirom og arbeidsgarderobar. Ei utbygging av ein mesanin kan være eit alternativ for å få dekt skulen sitt arealbehov.

I denne omgang rår ein til at det vert løyvd 0,3 million kroner slik at ein starte planlegging med sikte på å finne ei god løysing.

Os Gymnas – Etterisolering av tak

Det er nødvendig å tekke om resten av taket på Os Gymnas. Dette utgjør eit areal på ca 2 330 m². Ei vurdering i forhold til Enøk syner vidare at det er store energikostnader å spare på å etterisolera taket samstundes. Planen er å etterisolere taket med 300 mm isolasjon eller så langt som mulig opp mot dagens forskriftkrav.

Etterisolering vil innebere ei standardheving og ein rår til at kostnadane knytt til dette vert dekt over budsjettposten for rehabilitering / mindre tilbygg. Ein vil og søke om prosjektstøtte frå Enova til dette. Stipulert kostnad på 1,0 million kroner er basert på kalkyle.

Sjølve tekkingsarbeidet er meir vedlikehald og er tatt med i budsjett for ekstra ordinert vedlikehald.

Slåtthaug vgs – Internkontroll elektro

Det er tidlegare, i Fu- sak 128/12 og Fu-sak 204/13 løyvd til saman 0,5 million kroner til utbetring av avvik ved elektriske installasjonar og elfordelingar.

I samband med gjennomføring av tiltaka vart det avdekka avvik i hovudtavle for bygg A. Effektbrytar for heile anlegget må byttast ut. I vurdering av tiltak er det anbefalt å skifte heile tavla, då den er gamal og det ikkje er rekningsvarande å utføre utbetringar. Basert på kalkyle rår ein til at det vert løyvd nye 0,35 million kroner til prosjektet, slik at samla kostnadsramme vert 0,85 million kroner.